
Saksnr: 2020/45544-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan transportordninga for funksjonshemma**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet har merka seg at det meste av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan TT-ordninga no er ferdig gjennomført, eller i god prosess for å verta ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si tredje oppfølging av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 01.10.2019, når det gjeld forvaltningsrevisjon innan transportordninga for funksjonshemma.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjever

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon innan transportordninga for funksjonshemma

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak 66/19 i møte 01.10.2019:

«På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Etablere skriftlege rutinar for saksbehandling av søknader om TT-godkjenning for å sikre at praksis for saksbehandling av søknader samsvarer med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga, til dømes rutinar som skal sikre:
 - o at saksbehandlarane si habilitet blir vurdert ved deling av søknader for behandling
 - o at det er tydeleg både for søkjarar og saksbehandlar kva søknader som kan bli behandla administrativt og kva søknader som skal vurderast av legenemnda
 - o at søknadene blir behandla utan ugrunna opphald
 - o at det blir sendt ut førebels svar om søknaden ikkje kan svarast på innan fire veker, med informasjon om kva som er årsaka til at søknaden ikkje kan bli behandla tidlegare i samsvar med forvaltningslova § 11 a
 - o at saksbehandlarar og legane i legenemnda blir gitt god rettleiing for kva som skal (og ikkje skal) vektleggast ved vurdering av søknadane og utforming av vedtak
 - o at opplysningar av betydning for saka, og som blir formidla munnleg, blir nedteikna skriftleg
 - o at det er lik praksis når det gjeld i kva tilfelle fylkeskommunen skal etterspørje tilleggsopplysningar for å behandle ein søknad, og i kva tilfelle søknader kan bli avvist på bakgrunn av manglande dokumentasjon
 - o at vedtak blir grunngjeve og at det blir vist til relevante reglar som vedtaket byggjer på i samsvar med forvaltningslova § 25
 - o at praksis for fornying av TT-kort er i samsvar med krav i forvaltningslov og personvernlovgiving
 - o at førebuinga av klagesaker er lik uavhengig av saksbehandlar og at instansane som skal vurdere klagesaker er informert om dei vilkåra sakene skal vurderast på bakgrunn av
2. Sikre at informasjon gitt til søkjarane, mellom anna i brev og på fylkeskommunen sine nettsider, er korrekt og i samsvar med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga.
3. Vurdere om søknadsskjema og legeerklærings skjema er tilpassa alle brukargruppene som er omfatta av TT-ordninga og sikrar at dei legger til rette for likebehandling av søknader uavhengig av type sjukdom eller funksjonshemming.
4. Utbetre statistikken som blir ført over talet på klager og vedtak som blir endra utan behandling i klagenemnda.
5. Greie ut nærmare kva behandlingsgrunnlag fylkeskommunen har for å behandle helseopplysningar i samband med behandling av søknader om TT-godkjenning, og sikrar at alle søkjarar signerer personvernerklæringa dersom behandlingsgrunnlaget skal vere samtykke frå den enkelte brukar.
6. Etablere rutinar for melding av avvik og oppfølging av desse som ein del av forbetningsarbeidet.
7. Vurdere tiltak for å styrke involveringa av brukarorganisasjonar i utviklinga av TT-ordninga og nytte innspel frå brukarane til evaluering og forbetring av tenesta.
8. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har handsama oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen 3 gonger tidlegare og seinast i møte 22.03.2021 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet merkar seg som positivt at det meste av forbetningsarbeidet, og arbeidet med å slå saman tenesta TT-transport i Vestland fylkeskommune, no er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon innan transportordninga for funksjonshemma.*
2. *Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkt 1, fjerde kulepunkt og punkt 3 til møte i kontrollutvalet 29.11.2021.*
3. *Ny skriftleg status vert å levere sekretariatet innan 08.11.2021.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 08.10.2021 frå fylkesdirektøren i Vestland fylkeskommune, som inneheld status for oppfølging av forvaltningsrevisjon innan transportordninga for funksjonshemma (TT-ordninga).

Sekretariatet har merka seg at det meste av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan TT-ordninga no er ferdig gjennomført, eller i god prosess for å verta ferdig gjennomført. Slik sekretariatet ser det bør kontrollutvalet difor vera nøgd med oppfølginga og seie seg ferdig med saka.

Konklusjon

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med revisjonsrapportar blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e.

Rapportering til fylkestinget i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for fylkestinget til godkjenning.

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesdirektøren til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.